



Sykkylven
kommune



Sykkylven
Energi

Leveringsvilkår for vatn og avløp i Sykkylven kommune

Revidert oktober 2024

Krav og rettigheter

Innanfor drift og vedlikehald av vass- og avløpssystemet har både Sykkylven Energi og innbyggjarane visse plikter.

For at innbyggjarane i Sykkylven kommune skal ha tilgang til godt drikkevatn og eit velfungerande vass- og avløpssystem, har Sykkylven Energi nokre hovudmål knytt til levering av desse tenestene. Sykkylven Energi har plikter ved levering av drikkevatn, og krav når det gjeld bortleiing og reinsing av avløpsvatn. Samstundes har også innbyggjarane plikter, og dei har rett til å klage på tenester og ein eventuell kompensasjon.

Innbyggjarane sine plikter

- Pliktene er fastsette i Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Sykkylven kommune og Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.
- Sikre at private stikkleidningar blir lagde etter kommunale bestemmingar.
- Sikre at innvendige installasjonar blir dimensjonerte og valde etter den vasskvaliteten, det driftstrykket og dei trykkvariasjonane som det er på den kommunale vassleidninga. Dersom det er fare for at trykket er høgare enn 6,0 bar, må du sikre dei innvendige installasjonane ved bruk av reduksjonsventil.
- Aldri tømme restar av feitt, kjemikaliar, olje, løysemidlar med meir eller våtserviettar, bind, bomullspinnar eller liknande i avløpet.
- Kjenne til plassering av utvendig/innvendig stoppekran og eventuelt reduksjonsventil, vassmålar og pumpeanlegg.
- Vedlikehalde dine private anlegg i samsvar med kommunale bestemmingar. Dette gjeld sanitæranlegg, stikkleidningar og felles eigde private leidningsnett til og med tilkoplinga på kommunen si hovudleidning.
- Utbetre eventuelle lekkasjar på dine private anlegg snarast råd eller innan faste fristar.



Sykkylven
kommune



Sykkylven
Energi

- For vassmålarar som ikkje er fjernavleste skal vassmålarstand lesast av og meldast inn innan tidsfristen. Overhalde vilkår i tekniske bestemmingar for bruk av vassmålar.
- Varsle Sykkylven Energi om avvik i vassforsyninga eller avløpssystemet.
- Betale vass- og avløpsgebyr innan forfall på fakturaen.
- Innrette deg etter tilvisingar og informasjon frå Sykkylven Energi.

Sykkylven Energi sine plikter

Hovudmål for tenesta

1. All verksemd i drikkevasskjelda sitt nedbørsfelt skal skje etter kommunale bestemmingar.
2. Det skal produserast nok, godt og sikkert drikkevatn.
3. Vassleidningsnettet skal ha tilstrekkeleg kapasitet for levering av drikkevatn. Vatn til brannsløkking og sprinklaranlegg vert levert i den grad vassverket har overskotskapasitet til det. Uheldige hendingar skal vere på eit tilfredsstillande lavt nivå.
4. Avløpsnettet skal leie bort avløpsvatn utan sjenanse for innbyggjarane.
5. Utslepp av avløpsvatn skal ikkje forringe vasskvaliteten i bekkar, elver eller fjord.
6. God informasjon skal gjere innbyggjarane nøgde og miljøbevisste.
7. Kompetansebygging gjennom lokalt arbeid.

Sykkylven Energi sine plikter ved levering av drikkevatn

Drikkevatn skal ha ein kvalitet som oppfyller krav stilt i Drikkevassforskrifta, dvs. vere hygienisk trygt, klart og utan sjenerande lukt, smak eller farge.

- Ved normal driftssituasjon skal vasstrykket ved tilknytingspunktet til kommunal leidning vere mellom 2 og 10 bar.
- Det skal forsynast nok drikkevatn til forbruk 24 timer i døgnet.
- Alle planlagde stopp i leveransen (som til dømes reparasjonar) eller inngrep som fører til avvik i vasskvalitet eller trykk (til dømes ved spyling av leidningsnettet) skal varslast på SMS.



Sykkylven
kommune



Sykkylven
Energi

- Sykkylven Energi skal varsle med ein gong ved akutt forureining som kan påverke drikkevatnet slik at det ikkje lengre er hygienisk trygt.
- På nettsida til Sykkylven Energi informerer vi om gebyr, gebyrendringar og vasskvalitet.
- Ingen planlagde avbrot i vassforsyninga skal vare meir enn 8 timar og ikkje skje oftare enn kvar 6. månad i gjennomsnitt over 2 år. Unntaket er ved utskifting av leidningsnettet.
- Ved ikkje planlagde avbrot i vassforsyninga som gjeld meir enn 100 innbyggjarar eller næringsverksemdar, skal Sykkylven Energi prøve å reparere vassforsyninga innan 8 timar.
- Ved fleire enn 5 brot på same vassleidning i løpet av eit år, skal Sykkylven Energi vurdere å renovere leidningsstrekninga.
- Ved avbrot i vassforsyninga som til dømes vasslekkasje, skal kommunen reparere forsyninga innan 8 timar (dag) eller 20 timar (natt + dag).
- Ved leidningsbrot eller storbrann kan Sykkylven Energi stenge vasstilførselen utan varsel.

Sykkylven Energi sine plikter ved bortleiing og reinsing av avløpsvatn

- Spillvatn (sanitært avløpsvatn) skal leiast bort og reinsast kontinuerleg 24 timer i døgnet slik at det ikkje skaper lukt eller hygieniske problem på eigedom, i nærmiljø eller i kommunen elles.
- Sykkylven Energi jobbar for å separere avløpsvatn og overvatn i det kommunale rørsystemet.
- Bortleiing av spillvatn (sanitært avløpsvatn)) skal ikkje føre til utslepp i lokale vassdrag ved normal driftssituasjon.
- Dersom det oppstår driftsproblem ved kommunalt avløpssystem, slik som tilstopping i røyr eller stopp i pumpestasjon, skal Sykkylven Energi ha eit beredskapssystem for å kunne handle raskt slik at feilen vert retta snarast råd.
- Dersom det har oppstått 2 tilbakeslag av avløpsvatn i same hus i løpet av 10 år på grunn av feil på kommunal leidning, skal det igangsettast utbetringstiltak.
- Dersom du har eige avløpsanlegg med slamavskiljar, skal du få tømt denne i samsvar med gjeldande Forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen, Sykkylven kommune.



Sykkylven
kommune



Sykkylven
Energi

Klage og kompensasjon

Dersom det har oppstått ein mangel ved vassleveransen eller avløpstenesta, i forhold til desse vilkåra eller til Drikkevassforskrifta, kan du klage til Sykkylven Energi.

Klagen sendast inn snarast råd etter at mangelen er oppdaga. Du får tilbakemelding seinast innan 3 veker.

Dersom det har oppstått ein mangel, kan du krevje å få den utbetra.

Dersom vassforsyninga var borte i meir enn eit døgn, vil du få prisavslag. I tillegg kan du ha krav på erstatning dersom du er påført eit økonomisk tap på grunn av feil eller avbrot i vassleveransen. Dette gjeld så sant ikkje hindringar utanfor Sykkylven Energi sin kontroll er skuld i mangelen.